
Fra: Kristin Nielsen
Sendt: 25. juni 2015 14:40
Til: 'Lars Eidsnes'
Emne: SV: Byggesak gardnr,215 br 19 Eidsnesvegen 91
Vedlegg: 5184-ansvarsrett_selvbygger.pdf

Hei!

Eg held no på å handsame saka di, men ser at det er nokre manglar. Om du har høve til å sende inn naudsynte tilleggsopplysningar raskt, vil eg ferdighandsame saka innan slutten av veke 28.

1. Kan du fylle ut skjemaet «Søknad om personlig ansvarsrett som selvbygger av egen bustad eller fritidsbolig»? Skjemaet er lagt ved. Dette gav eg deg antageligvis ikkje då du var i byggesaksvakta.
2. Kan du markere tydeleg på fasade- og planteikningane kva som er nytt og kva som er eksisterande og sende dette tilbake? Det er viktig at nytt og gammalt også er målsett kvar for seg.
3. Så langt eg kan sjå går det ikkje tydeleg fram kva de søker om å rive. Dette må tydeleggjerast. Om det er den eine endeveggen for å kunne føre opp tilbygg kan du berre skrive nokre ord om dette, men om det er større delar av bygget, må dette gå klart fram av teikningsmaterialet i tillegg.
4. Alt som er nytt må også målsettast på situasjonskartet og sendast inn på nytt.
5. Garasjen sin takform må følgje eksisterande bygg sin form, dvs. at garasjen også må ha saltak, jf. kommuneplanen punkt 1.20: «Nye tiltak skal innordne seg og tilpassast eksisterande bygg på eigedommen. Mindre tiltak skal ha same takvinkel og takform som hovudbygget. (...)». Vi ber om at det blir sendt inn nye teikningar av garasjen som er i tråd med dette.

Ta gjerne kontakt om noko er uklart!

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

Kristin Nielsen
Rådgjevar byggesak

Fra: Lars Eidsnes [<mailto:Zeidsnes@online.no>]
Sendt: 18. juni 2015 13:26
Til: Kristin Nielsen
Emne: Byggesak gardnr,215 br 19 Eidsnesvegen 91

Hei !

Har et spørsmål om byggesaken min .

Det hadde vært supert om det var mulig å komme i gang med grunnarbeid, vann og avløp nå i sommer, Spess pga av at jeg skal grave inn på naboen , og det vil da gjøre mindre skade på jordsmonn det vil også reparere seg fortere.

Håper på et positivt svar , om det er mulig.

Mvh Lars Ludvig Eidsnes